

Fra: Tore Kalleklev <kalleklev.tore@gmail.com>

Sendt: 14.07.2023 11:51:58

Til: Post Osterøy <post@osteroy.kommune.no>

Emne: Hjorteforvaltning Osterøy kommune

Til den det måtte gjelde

Hei

Dette er kopi av mail sendt tidlegare i år til Osterøy kommune.

Det er ikkje komme noko svar frå kommunen i denne saka.

Det siste ein hørte var at saka var oversendt til juridisk avdeling hos statsforvaltaren.

Ein ser det som viktig at desse spørsmåla blir avklart, slik at alle som har ansvar for fordeling av fellingsløyver veit kva dei har å forhalda seg til.

Eg er ute av Lonevåg hjortevald, men er opptatt av forvaltning på generell basis.

Mvh

Tore Kalleklev

Tlf: 90736444

Sjå også Facebook: Hjort og hjortejakt på Osterøy

Her er kopi av mail sendt til kommunen i vinter:

Hei

Styret i Lonevåg hjortevald, ønskjer svar på ein praksis som me finn merkelig når det gjeld avskyting internt i Bestandsplanområdet.

Lonevåg hjortevald er ein del av bestandsplanområdet.

Ein søker svar på følgjande problemstilling, og kva kommunen som tildelar av fellingsløyve har tenkt å gjera med dette.

Bakgrunn:

Mjeldalen hjortevald hadde ei tildeling på 70 dyr for jaktseasonen 2022.

Under jakta blei det skote totalt 109 dyr i Mjeldalen.

Forskuttering av dyr før jakta var 5%, seinare endra til 10%, auken presentert som eit forslag frå bestandsplanen. Dette har ikkje Lonevåg hjortevald høyrte om, så her har nokon brukt bestandsplanområdet til sin fordel, uten å ha heile bestandsplanområdet sitt samtykke.

Dette var også gjort sein i jaktseasonen.

Med 10% overføring frå 2023 til 2022 kjem ein opp i ein kvote på 77 dyr.

Det var felt 32 kalv av 109 dyr.

Det vil seia at kvote på 77 dyr er omgjort til voksne dyr, og kalvane sidestilt, sidan det var fri kalveskyting.

Ein slik praksis er naturlegvis ikkje korrekt, og dette må få ein reaksjon frå den som tildeler kvoten.

Med korrekt avskyting ville det blitt slik, avrunda til heile dyr:

$77 \text{ dyr} - 25\% \text{ kalv} = 58 \text{ voksne dyr}$.

Det vil seia at Mjeldalen hjortevald har skote 19 voksne dyr over kvoten.

Ei slik tolking Mjeldalen har gjort er ikkje rett, og er gjort med overlegg.

Sjå forøvrig vedlegg.

Dette må me ha svar på:

1. Kva vil Osterøy kommune gjera med dette, som ansvarlig forvaltningsorgan, og den som tildeler løyver?
2. Finn kommunen dette i trå med deiras eigen forvaltningsplan?
3. Om denne måten å tolka tildeling på, kan då resten av Osterøy mange vald tolka det på same måte?
4. Er denne praksisen i henhold til forvaltningsplanen og viltlova?
5. Kvifor skal ein ha bestandsplan om ein ikkje skal følgja den?

For styret i Lonevåg hjortevald

Formann Tore Kalleklev